

Styremøte i VBK

Tid: Torsdag 25.april kl 17.00
Stad: Biblioteket

Til stades: Solveig, Mette M, Petra, Bjørg, Mette V, Magnhild

Opning v/Solveig som siterte frå Are Kalvø si humoristiske framstilling om betydninga av det nynorske språket.

Saker:

18/24 Referat og orienteringar

Mette V om «Nøysom» - kurs

Treng å gjere noko endringar på innhald i tiltenkte kurs for å tilpasse dei til kriteria som ligg til grunn for godkjenning. Mest med tanke på t.d. reparering, gjenbruk av tekstilar og aktuelle målgrupper.

Ein vil ta kontakt med Husflidslaget for å høyre om ev. samarbeid om kursopplegg/kursleiar. Planlagt kurs no i mai går ut.

Petra orienterte om økonomi, kontoutskrifter vart delt ut.

Bjørg/Petra om 8.mars, notat til styret sendt 19.04.

Bjørg var ein av dei få som møtte på evalueringsmøtet. Treng å få til ei betre ansvarsfordeling avklart på førehand før eit slikt arrangement. Planlegging for neste års arrangement til hausten. 5 lag skal dele på utgiftene, Bygdekvinnelaget betalar sin del.

19/24 Møte 7.mai, bygdekvinnekveld

Solveig har vore i kontakt med Iryna i flyktningstenesta.

Nokre frå den ukrainske gruppa vil ta del og underhalde på dette møtet, som er ope for alle. Bjørg ordnar plakat.

20/24 Olsok- komite, 3 medlemar

Solveig deltok på første fellesmøte, nytt møte den 3.mai. Ho møter også på neste møte, men treng eit par personar til i matkomiteen. Semje om at vi må gjere det enkelt, ta med lærdom etter siste års arrangement og justere deretter.

Fleire detaljar vert avklart etter kvart i matkomiteen i samarbeid med Helselaget.

21/24 Brev frå FAU i barnehagen. Varmt måltid, info til styret sendt 12.04.

FAU ønskjer ma. at borna skal få delta i å lage mat frå grunnen av, særleg med tanke på tradisjonskost. Difor vender dei seg til Bygdekvinnelaget for å høyre om det er mogleg for laget å stille opp og bidra til dette.

Styret var samde om at vi treng å ha eit dialogmøte med dei som etterspør dette. Det er behov for fleire avklaringar, og vi kan ev. legge fram eit forslag om kva ein ser for seg mtp. innhald og omfang. Solveig tek kontakt.

22/24 Haustplan

Det var semje om å lage ein liknande plan som var gjort sist haust, Mette og Bjørg var ansvarleg for oppsettet.

**23/24 Aktivitetsdag for menneske med nedsett funksjonsevne,
info til styret sendt 19.04.**

Aktivitetsdagen skal vere laurdag den 4. mai på ML-huset, og er eit samarbeid mellom NFU, friviljuge lag og frivilligsentralane.

Solveig melder attende at laget stiller med 2 personar og 1 skuffekake. Nelly og Petra vert med frå Bygdekvinnelaget, Petra leverer også kake.

24/24 Eventuelt**Kulturmidlar 2024.**

Etter dei nye vedtekne retningslinene ser ein ikkje at Bygdekvinnelaget fyller dei kriteria som ligg til grunn for å søkje.

Møtet slutt kl. 19.00

Magnhild
skrivar